



Lars Johan Myklebust - skuffa over at det ikkje vart opprykk (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal har ikkje fått avklåra trenarspørsmålet. Til dømes har uskedelingen Lars Johan Myklebust takka nei til å halda fram som trenar for herrelaget.

Grunnen er at sambuarane og han truleg kjem til å flytte frå kommunen. det komande året melder Kvinnheringen.

Samstundes er det enno ikkje avgjort om Magne Skår og Yngve Bryn held fram som trenarar for damelaget, men leiinga ønskjer begge,

Dei er igang med samtalar om ny trenar til herrelaget og ei avklåring er venta tidleg på nyåret for begge lag.

Det har i den seinare tid vore mange spelarar frå Uskedalen på damelaget og også av og til spelarar på herrelaget i tillegg til trenaren.